

2012

Norske pengespel 2012 Gaming in Norway



Statistikk over norske
pengespel og lotteri

Annual statistics report from
The Norwegian Gaming
and Foundation Authority



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Innhold

Føreord	4
Samandrag	5
Endring i omsetning	13
Norsk Tipping AS og Extra	15
Norsk Rikstoto	23
Digitale plattformer	26
Bingo	28
Andre lotteri	32
Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn	36
English summary	38
Vedlegg	41

Større del av omsetninga gjekk til formåla

Norske lotteri og pengespel bidreg sterkt til samfunnsnyttige og humanitære formål. Gode føremål fekk 5,2 milliardar kroner frå overskotet i lotteri- og pengespelmarknaden i 2012.

Også denne gongen er det tilført midlar til formåla som ikkje skriv seg frå speleomsetninga siste året. Dette gjeld midlar frå Tippenøkkelen som ikkje har vore utbetalt tidlegare. Dette året utgjer dette netto 113 millionar kroner.

Mange lag og organisasjonar har inntekter frå lotteri og pengespel i Noreg. I 2012 genererte marknaden nærare 5,1 milliardar kroner til gode formål. Dette er meir enn i 2011 då summen var på 4,8 milliardar. Det er ikkje berre auke i omsetninga som er årsak til dette. Litt meir av kvar krone lagt igjen på spel gjekk til formålsinntekter i 2012. Dette året fekk formåla 56 % av omsetninga etter gevinstutbetaling, mot 54 % i 2011. Andelen som har gått til å drive spel- og lotterimarknaden er dermed blitt redusert.

I 2012 satsa vi 28,7 milliardar kroner på dei regulerte pengespela i Noreg. Som i 2011 er dette om lag 2 milliardar meir enn året før. Spel på internasjonale nettspel er ikkje medrekna i denne statistikken.

19,6 milliardar kroner gjekk tilbake til spelarane i form av gevinstar. Netto omsetning, eller det som vart tapt på lotteri- og pengespel, utgjer dermed i overkant av 9 milliardar kroner.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann 5 711 kroner på regulerte pengespel i 2012, ein auke på om lag 300 kroner samanlikna med året før. Når vi tek


omsyn til gevinstane har kvar innbyggjar i snitt lagt igjen 1 807 kroner. Dette utgjer 0,73 prosent av husstanden si disponible inntekt.

Auken i omsetninga skuldast hovudsakleg auka omsetning hos Norsk Tipping på terminalspela Multix og Belago og på talspelet Viking Lotto.

Bingomarknaden har hatt ein større reduksjon i omsetning gjennom 2012. Dette skuldast endring i regelverket for databingo. Frå 1. januar 2012 vart det sett krav om at det skal gå minimum 30 sekund frå eit spel er ferdig til det neste spelet kan starte. Som venta har dette bidrege til ein kraftig reduksjon for databingo. Samstundes har omsetninga i hovudspel i bingo hatt ein liten auke.

Som alltid vil vi takke aktørane i den norske pengespelmarknaden for godt samarbeid i arbeidet med denne statistikken. Utan opplysningane som vi får frå alle aktørane, ville vi ikkje vore i stand til å få fram denne detaljerte oversikten.

Førde, desember 2013



Atle Hamar
direktør

Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2012 omsett for 28,7 milliardar kroner. Av dette gjekk 19,6 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 9,1 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

Den norske pengespelmarknaden - nøkkeltal 2012

År 2012	Millionar	
	NOK	EUR ¹
Brutto omsetning (spelt for)	28 660	3 834
Gevinst	19 593	2 621
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	9 067	1 213

År 2012	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar ²	5 711	764	1 807	242
Per innbyggjar 18 år ³ og eldre	7 352	984	2 326	311
Per husstand ⁴	12 564	1 681	3 975	532
Prosent av disponibel inntekt ⁵	2,31 %		0,73 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 5 711 kroner i 2012.

Dette er nær 300 kroner meir enn i 2011 då satsa beløp per innbyggjar var på 5 418 kroner.

Om vi trekkjer frå gevinstantane vil kvar innbyggjar i 2012 ha lagt igjen 1 807 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjør dette 0,73 prosent.

1 Middelkurs 2012 frå Norges Bank 7,4744.

2 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2012 og 1/1-2013.


3 Norsk Tipping innførte 18 års aldersgrense på alle spel frå februar 2011, og frå 2011 visast beløp per innbyggjar 18 år og eldre mot 15 år og eldre i dei tidlegare statistikkane.

4 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,2 (Statistisk årbok (SSB)).

5 Statistisk årbok (SSB), «Husholdninger og ideelle organisasjoner. Inntekter, utgifter og sparing.» Disponibel inntekt 1 238 196 millionar kroner.

Brutto omsetning i 2012

Den norske pengespelmarknaden - brutto omsetning 2012, totalt 28 660 millioner kroner



I 2012 spelte nordmenn for 28,7 milliardar kroner. Det vart satsa 18,4 milliardar på Norsk Tipping sine egne spel, og av dette nær 7,0 milliardar⁶ på Multix- og Belago-spel. I tillegg nær 0,9 milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for nærare 3,9 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning nær 4,7 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, 4,5 milliardar, inkludert sidespel i bingo (elektronisk⁷ og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 145 millioner kroner.

Blant dei andre lotterier er det landslotterier som hadde størst omsetning, 292 millioner kroner. For lokale og regionale lotteri⁸ estimerer vi omsetninga til 130 millioner kroner.

I 2012 vart det spelt for 431 millioner på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

Samla brutto omsetning har auka frå 26,8 milliardar kroner i 2011.


Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto til saman 78 prosent av marknaden.

6 5,945 milliardar på Multix og 1,044 milliardar på Belago.

7 Databingo.

8 Mindre lotteri, såkalla lykkespel, er ikkje medrekna.

Den norske pengespelmarknaden i 2012, marknadsdelar av brutto omsetning



Gevinstar og pengepremiar i 2012

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	18 382	12 515	5 867	68 %
Norsk Rikstoto	3 879	2 612	1 267	67 %
ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering	864	429	435	50 %
Bingo med entreprenør	4 538	3 522	1 016	78 %
Landslotteri	292	51	241	18 %
Bingo utan entreprenør*	145	90	55	62 %
Lokale/regionale lotteri*	130	30	100	23 %
Spel på skip	431	344	86	80 %
Totalt	28 660	19 593	9 067	68 %

*)Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 19,6 milliardar kroner av innsatsen på 28,7 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent mest tilbake frå spel på skip (80 %) og entreprenørbingo (78 %).

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapan (f.eks. fordi oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premiar er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapan).

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2012

Den norske pengespelmarknaden i 2012, marknadssdelar av netto omsetning



Norsk Tipping hadde størst netto omsetning (65 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Norsk Rikstoto hadde til saman 79 prosent av marknaden i 2012.

Fordeling til formål og administrative kostnader i 2012

Netto omsetning	Formål			Administrative kostnader	
	Mill. kr	Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	5 867	3 727	64 %	2 140	36 %
Norsk Rikstoto	1 267	598	47 %	669	53 %
Extra	435	220	51 %	131	30 %
NT's operatørgodtgj. til NT-formål		84	19 %		
Bingo med entreprenør	1 016	246	24 %	770	76 %
Landslotteri	241	74	31 %	167	69 %
Bingo utan entreprenør *	55	35	64 %	20	36 %
Lokale/regionale lotteri *	100	90	90 %	10	10 %
Spel på skip	86	17	20 %	69	80 %
Totalt	9 067	5 091	56 %	3 976	44 %

*) Estimerte og avrunda beløp

5,1 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (3,7 mrd.) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (64 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk det 598 millionar til formåla.


Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. For entreprenørbingo og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter under 30 prosent av netto-omsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 246 millionar, eller 24 prosent. Dette er ein reduksjon frå 2011 då formålet sine inntekter utgjorde 356 millionar.

Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 17 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotterier.

Den norske pengespelmarknaden 2012, formåla sine spel- og lotteriiinntekter



Dei administrative kostnadene var i 2012 litt mindre enn dei var i 2011. Dette til tross for at netto-omsetninga har auka. Formåla har dermed både reelt og prosentvis fått større beløp i 2012. I 2011 var formålets inntekter frå årets speleomsetning 4 805 millionar, eller 54 % av netto omsetning. I 2012 var formålets inntekter 5 091 millionar som utgjorde 56 % av netto omsetning.

Gjennom 2012 er det gått 286 millionar meir til formål, samtidig som dei administrative kostnadene er redusert med 125 millionar.

Administrative kostnader⁹ i 2012 utgjorde 4,0 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,1 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (36 %). Større kostnadsbeløp kom også frå entreprenørbingo (0,77 mrd.) og Norsk Rikstoto sine spel (0,67 mrd.).

9 Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær og telemarketing.

Netto omsetning i 2012 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnader til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnehavar	
		Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping, ekskl. Extra	5 867	812	14 %
Extra	435	56	13 %
Norsk Rikstoto	1 267	187	15 %
Totalt	7 569	1 055	14 %

Frå spela her gjekk det 1 055 millionar til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnehavarar.

Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter - 2012

	Mill.kr	Prosent	
Idrett	2 017	39 %	*
Kultur (statsbudsjett og regjeringa)	1 168	22 %	
Musikk/kultur/fritid	148	2,8 %	*
Hest/hestesport	598	11 %	
Helse	538	10 %	*
Humanitær	540	10 %	*
Diverse	37	0,7 %	*
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	145	2,8 %	
Tiltak vedk. uheldig speleåtferd	12	0,2 %	
Totalt	5 204	100 %	

*) I tillegg får formåla delar av 145 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,8 %).

Tabellen over inkluderer også inntekt til formål som ikkje skriv seg frå spelomsetninga i 2012. Frå speleomsetninga i 2012 gjekk 5 091 millionar til formål. I tillegg fekk helse- og humanitære organisasjonar utbetalt i alt 166 millionar frå tidlegare års midlar på Tippetøkkelen som ikkje har vore utbetalt tidlegare.

Etter fordelinga var det likevel nær 53 millionar som ikkje vart fordelt av årets tildeling av Norsk Tipping's overskot for 2012. Totalt til formål gjekk det difor 5 204 millionar kroner.

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom Tippetøkkelen tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett,

kultur og samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.

Idretten får si tildeling gjennom Kulturdepartementet (47,9 % av Tippetøkkelen). Midlane til kultur går gjennom statsbudsjettet (19,5 %) og regjeringa (14,6 %). Midlar til samfunnsnyttige eller humanitære formål (18 %) blir utbetalt på to måtar. Det meste blir betalt direkte frå Lotteritilsynet etter fastsett fordeling. Ein mindre del blir betalt ut av Lotteritilsynet etter søknad til lag og foreiningar som hadde automatinntekter i 2001.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo fekk også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar.

Grasrotordninga og midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåttferd kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning, og er heller ikkje medrekna i Tippetøkkelen.

Idrett (2 017 millionar *)

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over Tippetøkkelen med 1 641 mill., 218 millionar frå grasrotordninga, 117 mill. frå entreprenørbingo, 13 millionar frå spel på skip og 3 mill. frå landslotteri. I tillegg inngår 3 millionar frå Norsk Tipping utbetalt av Lotteritilsynet til einskilde lag og foreiningar på grunnlag av automatinntekter i 2001 samt 11 millionar frå Norsk Tippings Belago-terminalar.

Det vart også gitt ei gåve¹⁰ til Norges idrettsforbund på 11 millionar. Beløpet kom frå Norsk Tipping.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

Kultur og fritid (1 316 millionar *)

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (668 mill.) eller som løyving frå regjeringa (500 mill.).

I tillegg er 148 millionar i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 74 mill., entreprenørbingo 50 mill., spel på skip 3 mill., landslotteri 1 mill., tildeling på grunnlag av tidlegare automatinntekter med 15 mill. og inntekt frå Belago med 5 millionar. Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

Hest/hestesport (598 millionar)

Dette er inntekter som i sin heilskap kom frå Norsk Rikstoto.

Helse (538 millionar *)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund. 220 mill. som ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet er med her, og desse går til prosjekt knytte til helse, sjukdom og levekår.

Elles inngår 196 millionar frå Norsk Tipping¹¹, 35 mill. frå landslotteri, 51 mill. frå entreprenørbingo, 14 millionar frå grasrotordninga (NT), 18 millionar (NT) som Lotteritilsynet har betalt ut på grunnlag av automatinntekter i 2001, 4 millionar frå Belago, og 0,1 million frå spel på skip.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

Humanitær (540 millionar *)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 481 millionar¹², landslotteri med 29 mill. og entreprenørbingo med 16 millionar. I tillegg er det rekna med 4 millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 10 millionar (NT) etter søknad på grunnlag av automatinntekter i 2001 og 1,6 million frå Belago.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

Diverse organisasjonar (37 millionar *)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom frå entreprenørbingo (13 mill.), landslotteri (6 mill.), grasrotmidlar (NT) (10 mill.), spel på skip (1 mill.), 7 millionar (NT) på grunnlag av automatinntekter i 2001 og nær 1 million frå Belago.

Tiltak mot uheldig speleåttferd (12 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg som finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i hand-

10 Eingongsutbetaling finansiert ved at halve overskotet av lottotrekninga 7. januar 2012 vart gitt Idrettsforbundet i gåve.

11 Inkl. ekstra utbetaling av tidlegare ufordelte midlar med 70 millionar

12 Inkl. ekstra utbetaling av tidlegare ufordelte midlar med 96 millionar.


lingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadene frå overdriven speling.

Uspesifiserte inntekter (145 millionar)

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (35 mill.), lokale/regionale lotteri (90 mill.) og

grasrotmidlar (20 mill.). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor, men vi reknar med at om lag 20 millionar av dette er inntekt frå bingo for lokalradio og – TV.

Den norske pengespelmarknaden i 2012, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



Endring frå år 2011

Basert på omsetninga i spelmarknaden medrekna midlar frå Norsk Tippings investeringsfond i 2011, samt tildeling av tidlegare ufordelte midlar både i 2011 og i 2012, fekk formåla i 2012 tilført 117 millionar meir enn året før.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2011	2012	endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	1 951	2 017	66	3 %
Kultur (statsbudsjettet og regjeringa)	1 250	1 168	-82	-7 %
Musikk/kultur/fritid	150	148	-2	-1 %
Hest/hestesport	606	598	-8	-1 %
Helse	467	538	71	15 %
Humanitær	460	540	80	17 %
Diverse	44	37	-7	-15 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	147	145	-2	-1 %
Tiltak mot speleavhengighet	12	12	0	0 %
Totalt	5 087	5 204	117	2 %

Endring i omsetning

Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Endring 2011-2012
Brutto omsetning (spelt for)	38 246	27 372	18 980	22 515	24 751	26 838	28 660	7 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	10 935	9 277	7 879	8 350	8 646	8 907	9 067	2 %

Brutto er omsetninga i 2012 auka med 7 prosent frå 2011. Netto omsetning har hatt ein mindre auke. Forskjell i prosentvis auke skuldast mellom anna auka omsetning i spel med høgare gevinstprosent.

Norsk Tipping (eksklusiv Extra)

Tal i millionar kroner	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Endring 2011-2012
Brutto omsetning	8 846	9 514	9 612	11 624	13 823	15 311	18 382	20 %
Netto omsetning	4 131	4 441	4 481	4 777	5 125	5 351	5 867	10 %

Brutto omsetning i 2012 var 20 prosent større i enn i 2011. Netto omsetning (etter premie-utbetaling) har auka med 10 prosent. Dette skuldast mellom anna auke i omsetning for Multix, Belago og Viking Lotto. Dei enkelte spela blir nærare omtalt i del 3 av rapporten.

Extra

Tal i millionar kroner	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Endring 2011-2012
Brutto omsetning	773	874	967	950	927	903	864	-5 %
Netto omsetning	386	437	483	475	463	457	435	-5 %

Omsetninga i 2011 er redusert med 5 prosent samanlikna med året før. Omsetninga er redusert kvart år frå 2008.

Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Endring 2011-2012
Brutto omsetning	2 780	3 163	3 710	3 625	3 667	3 813	3 879	2 %
Netto omsetning	944	1 056	1 214	1 186	1 205	1 256	1 267	1 %

Norsk Rikstoto si omsetning har auka svakt gjennom 2012.

Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	Endring 2011-2012
Brutto omsetning	1 891	2 629	3 955	5 129	5 152	5 812	4 538	-22 %
Netto omsetning	559	856	1 199	1 326	1 281	1 346	1 016	-25 %

Omsetninga i entreprenørbingo er redusert gjennom 2012. Entreprenørbingo er nærare omtalt i del 6 av rapporten.

Landslotteri								Endring
Tal i millionar kroner	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2011-2012
Brutto omsetning	424	422	396	378	383	291	292	0 %
Netto omsetning	341	345	322	311	312	251	241	-4 %

Landslotteri har om lag same bruttoomsetning i 2012, men noko lågare nettoomsetning.

Andre spel/lotteri

Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

Bingo utan entreprenør	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Tal løyve:	640	710	570	500	460	380	350
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning ¹³ (brutto omsetning, tal i millionar)	230	240	230	220	210	160	145

Totalt syner tal frå Lotteriregisteret ein reduksjon i lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

Lokale / regionale lotteri	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Tal meldingar motteke	2 750	2 050	2 610	2 420	2 420	2 540	2 350
Tal løyve gitt:	120	110	100	100	90	80	80
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning ¹⁴ (brutto omsetning, tal i millionar)	100	90	110	120	120	130	130

På grunnlag av tal meldingar, løyve og rekneskap i 2012 har vi estimert same omsetning i 2012 som året før.

Spel på skip					Endring
Tal i millionar kroner	2009	2010	2011	2012	2011-2012
Brutto omsetning	468	469	413	431	4 %
Netto omsetning	93	90	85	86	2 %

I 2012 auka omsetninga svakt samanlikna med 2011.


¹³ Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (5 mill. i 2012) (sjå vedlegg for berekningsmåte).

¹⁴ Estimert omsetning avrunda til næraste 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning før gevinstutbetaling var 19,2 milliardar kroner i 2012. Dette inkluderer også talspelet Extra som Norsk Tipping opererer på vegne av ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering¹⁵.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS i 2012, total 19 245 millionar kroner



44 prosent av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto, Joker, Keno samt Extra). Legg vi til omsetninga frå Flax, Multix og Belago, kjem 87 prosent av omsetninga frå spel der sjansen

for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspele Tipping, Oddsen og Liveoddsen stod for 13 prosent av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane.

Brutto omsetning fordelt på type spel

	Mill. kr	Prosent
Talspel: Lotto, Viking Lotto, Joker og Keno	7 698	40 %
Extra	864	4 %
Sportsspel: Tipping	659	3 %
Oddsen ¹⁶	1 605	8 %
Liveoddsen ¹⁷	285	1 %
Skrapelodd: Flax	1 145	6 %
Terminalspel: Multix og Belago	6 989	36 %
Total brutto omsetning	19 245	100 %

¹⁵ I statistikkar til og med for året 2010 var Extra presentert for seg.

¹⁶ Her inngår Langoddsen, Oddsbomben og Vinneroddsen.

¹⁷ Liveoddsen vart lansert i juni 2012. Liveoddsen blir spelt medan kampar pågår. Det er fleire spel per kamp.

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel inkludert			Terminalspel (Multix og Belago)	
	Extra	Sportsspel	Skrapelodd	Belago	Totalt
Total brutto omsetning	8 561	2 549	1 145	6 989	19 245
Totalt til gevinst	4 262	1 661	615	6 406	12 944
Total netto omsetning	4 300	889	530	583	6 302
Gevinstprosent	50 %	65 %	54 %	92 %	67 %

Totalt gjekk 67 prosent tilbake til spelar som gevinst.

33 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål. Samanlikna med 2011 er den totale gevinstprosenten auka frå 64 til 67 prosent. Auken skuldast mellom anna omsetningsauke på Multix og Belago der gevinstprosenten er høg (92 %). I 2011 utgjorde brutto omsetning for Multix og Belago nærare 4,9 milliardar.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 50 og 54 prosent. Sportsspel har ein samla gevinstdel på 65 prosent der Liveoddsen har høgaste prosent (85 %). Dei andre oddsspela hadde ein samla gevinstdel på 66 prosent. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 55.

Talspel (inkl. Extra) har i spelereglane fastsett gevinstprosenten til 50, og for skrapeloddet Flax til mellom 45 og 55 prosent.

Spelarane kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via Internett. Talet på kommisjonærar har vore stabilt gjennom 2012: 4 049 den 1. januar og 4 056 den 31. desember. Spel via Internett skjer mest via PC, men også via nettbrett og mobiltelefon.

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnett (9 398 mill.¹⁸, og i tillegg 6 989 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago)). Vidare spelte nordmenn for 2 860 millionar¹⁹ over Internett (1 282 mill. på sportsspel, og 1 578 mill. på talspel som Lotto og Extra). Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett.

18 Av dette utgjer *Spill i kasse* 310 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) blir selt over disk i daglegvareforretningar.

19 Av dette kjem 959 millionar frå sal via mobiltelefon.

Netto omsetning og fordeling på aktørane

Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 6 302 millionar kroner, inklusiv omsetning for Extra.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	4 030,2	64 %
Til Norsk Tipping AS	1 403,6	22 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	867,7	14 %
Sum = netto omsetning	6 301,5	100 %

Til overskotsformåla gjekk det 4 030 millionar. 3 425 millionar vart utbetalt over Tippetøkkelen. Det er i tillegg rekna med 11 mill. i gåve frå Kulturdepartementet til Idrettsforbundet sitt jubileum, 22 mill. frå Belago-terminalene som formålsinntekt i bingo, 340 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen og 220 mill. til Extra-Stiftelsen Helse og Rehabilitering.

I beløpet inngår også 12 mill. til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd.

Av omsetninga etter premieutbetaling gjekk 64 prosent til formål i 2012.

Overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2012 blir utbetalt til formål i 2013.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill. kr
NT sin del av inntekt frå eigne spel og Extra (til NT's drift)	1 404
NT sine samla netto kostnader ²⁰	1 395
Midlar som er haldne tilbake i NT ²¹	9

Fordeling til overskotsformål - Tippetøkkelen²²

Frå fordeling frå 2012 gjekk 1 641 millionar til idrettsformål. 1 168 mill. til kultur og 617 mill. til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.

For kultur blei 668 mill. tilført statsbudsjettet, medan regjeringa tildelte 500 mill. til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken 200 mill., Kulturbygg, møteplassar og formidlingsarenaer for kultur 135 mill., Frifondordningen 150 mill., og Den kulturelle spaserstokken 15 mill.*).

20 Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

21 Overføring til investeringsfond.

22 Fordeling av 2012 overskotet er omtalt i Prop.1 S Kulturdepartementet (2013-2014) side 26 til 29.


Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under. Nøkkeltal er henta frå Kulturdepartementet si pressemelding 19. april 2013.

Tal i millionar kroner

Idrettsanlegg	801,4
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	580,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	164,0
Spesielle aktivitetar	57,2
Forsknings- og utviklingsarbeid	21,1
Nasjonalanlegg / spesielle anlegg	17,0
Totalt	1 640,6

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 49 % og 35 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar i 2012



Frå Norsk Tipping er det fordelt 616,5 millionar til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar.

I tillegg til overskotet frå 2012 er det også betalt ut 165,7 millionar. Dette er utbetaling av restbeløp etter forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og

humanitære organisasjonar. Beløpet kjem frå midlar i Tippenøkkelen som i tidlegare år ikkje er blitt fordelt og utbetalt. Tabellen under viser fordelinga til formål i 2013:

	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2012	Frå tidlegare ufordelte midlar	Totalt
10 H	511,1 mill	165,7 mill	676,8 mill
Andre organisasjonar	52,5 mill	0 mill	52,5 mill
Utbetalt	563,6 mill	165,7 mill	729,3 mill
Ufordelt beløp overført til tildeling i 2014	52,9 mill		
Totalt	616,5 mill		

10 organisasjonar som utgjer 10 H fekk totalt utbetalt 677 millionar. For 5 humanitære organisasjonar utgjer dette i alt kroner 481 millionar. For 5 helseorganisasjonar 196 millionar.

Humanitære organisasjonar Frå 2012 overskot		Frå tidlegare ufordelte	Totalt utbetalt i 2013	Helseorganisasjonar Frå 2012 overskot		Frå tidlegare ufordelte	Totalt utbetalt i 2013
Norges Røde Kors	215,2	33,5	248,6	Kreftforeningen	69,0	18,4	87,5
Redningsselskapet	132,5	25,0	157,5	Handikapforbundet	20,3	13,4	33,7
Norsk Folkehjelp	16,0	13,0	29,0	Blindeforbundet	18,5	13,2	31,7
Redd Barna	11,1	12,4	23,5	Landsforeningen for hjerte og lungesyke	11,7	12,5	24,2
Flyktninghjelpen	9,9	12,3	22,2	Nasjonalforeningen for folkehelsen	6,8	12,0	18,8
Totalt	384,7	96,2	480,9	Totalt	126,4	69,5	195,9

365 andre lag og foreiningar har etter søknad til Lotteritilsynet fått tildelt totalt 52,5 millionar kroner (ved denne tildelinga har vi innvilga 36 fleire søknadar enn året før). Dette er fordelt på følgjande kategoriar av lag og foreiningar.

	tal foreiningar	totalt tildelt
Idrett	32	2,7 mill
Helse	71	18,3 mill
Musikk/kultur/fritid	195	14,7 mill
Humanitær	44	9,9 mill
Diverse	23	6,9 mill
Total	365	52,5 mill

Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2012 har det gått 340 millionar til i overkant av 21 300 lokale lag og foreiningar. Inntil 5 prosent av innsatsen som blir satsa i spel kan gå til foreiningar som Norsk Tipping

sine spelarar sjølv bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivillighetsregisteret	Kategori i Lotteri-registeret ²³	Grasrotandel i 2012 - kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	218 465 601	6 994
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	32 951 841	4 586
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	21 033 691	3 549
Interesseorganisasjonar	Helse	13 895 331	1 823
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	11 971 858	746
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	11 315 321	967
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	7 862 058	1 169
Dyrevern	Diverse	7 128 446	70
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	4 909 585	370
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	3 541 469	171
Tru- og livssynsorganisasjonar	Diverse	1 656 182	291
Krisehjelp og støttarbeid	- fleire kategoriar	1 317 462	129
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	1 091 957	74
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	1 022 834	98
Natur- og miljøvern	Diverse	859 705	97
Frivillighetssentralar	Musikk/kultur/fritid	421 847	58
Politiske organisasjonar	Diverse	221 815	53
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	134 354	6
Andre	Diverse	91 914	10
Sjukeheimar	Helse	67 306	2
Yrkessammenslutningar	Diverse	32 179	14
Forsking og utvikling	Diverse	27 794	3
Bustad- og lokalmiljø	Diverse	17 426	14
Juridisk rådgiving	Diverse	14 231	1
Anna utdanning	Diverse	12 537	5
Grunn og vidaregåande utdanning	Diverse	8 720	2
Sjukehus og rehabilitering	Helse	7 762	2
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	2 493	4
Næringslivs- og arbeidsgjevarorganisasjonar	Diverse	2 030	1
Arbeidsopplæring	Diverse	1 988	1
Total		340 087 735	21 310

23 Under føresetnad av at organisasjonen var godkjent som lotteriverdig organisasjon ville den blitt gitt eitt av fem kategorinamn.

I høve til vår kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2012	Millionar	Prosent
Idrett	218	64 %
Helse	14	4 %
Musikk/kultur/fritid	74	22 %
Humanitær	4	1 %
Diverse	10	3 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	20	6 %
Totalt	340	100 %

Største delen av grasrotmidlane, 64 prosent, har i 2012 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helseorganisasjonar og humanitære organisasjonar

inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålmottakarar i dei bingohallane der terminalane er utplasserte.

I 2012 gjekk det frå desse terminalane 22,4 millionar til formål. Bingoentreprenørarar har for 2012 rapportert korleis dette beløpet er fordelt på ulike typar lag og foreiningar.

	Belago
Idrett	10,6 mill
Helse	3,9 mill
Musikk/kultur/fritid	5,4 mill
Humitær	1,6 mill
Diverse	0,8 mill
Totalt	22,4 mill

Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 434,6 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forskning.

Frå netto omsetning i 2012 fekk ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering 220,1 millionar eller 51 prosent av netto omsetning.

Ein del av overføringa til NT, var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2012 utgjorde dette 83,5 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT

sine formål. Dette utgjorde 19 prosent av Extra si netto omsetning.


Fordeling til formål frå ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering

ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd, samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar, kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer. I 2012 delte stiftelsen ut i alt 220 millionar fordelt på 527 prosjekt.


Fordeling til formål frå Extra	Mill. kr	Prosent
Førebygging	65,4	32,6 %
Forsking	70,1	35,0 %
Rehabilitering	64,9	32,4 %
Sum	200,4	100,0 %
10 % adm.tilskot til mottakarorganisasjon	20,0	
Totalt	220,4	

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut frå 2012-overskotet fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

Extraspelets midlar fordelt på aldersgrupper i 2012




Extraspelets midlar fordelt på helseområde i 2012



Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto tilbyr spel på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var nærare 3,9 milliardar kroner i år 2012.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel i 2012, totalt 3 879 millionar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 878,8	100 %
Totalt til gevinst	2 611,5	67 %
Total netto omsetning	1 267,3	33 %

To tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst. Ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Talet på kommisjonærar med terminalar er auka gjennom 2012, frå 1 605 (1. jan) til 1 668 (31. des)²⁴.

I Norge er det 12 trav- og galoppbaner, men det kan også spelast på løp i andre land.

63 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar. Omsetning på baner utgjorde 5 prosent, medan Internett utgjorde 32 prosent. I 2011 utgjorde omsetninga over Internett 28 prosent.

²⁴ Talet gjeld kommisjonærar med terminalar.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over Internett)	2 444,2	63,0 %
Baner	185,1	4,8 %
Internett ²⁵	1 249,5	32,2 %
Total	3 878,8	100,0 %

Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter utbetaling av gevinstar, var det 1 267 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål ²⁶	598,4	47 %
Avgift til staten	143,4	11 %
Til operatør (Rikstoto)	338,6	27 %
Til kommisjonær	186,9	15 %
Sum = netto omsetning	1267,3	100 %

Til formåla gjekk det 598 millionar kroner eller 47 prosent av netto omsetning. I 2011 var prosenten til formål 48, som då utgjorde 606 millionar.

Fordeling til formål	Mill. kr
V75 og storløp-premiar	67,4
Transporttilskot	3,8
Norsk Hestesenter	26,0
Det Norske Travelskap	84,5
Norsk Jockeyklubb	25,2
Bidrag avskrivning finans	17,8
Provisjon driftsselskap (banene)	373,7
av dette drift løpsbaner ²⁷	201,5
av dette premiar til hesteeigarar	172,2
Totalt	598,4

Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travelskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betaler ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

²⁵ Spel via mobiltelefon via m.rikstoto.no og mobil.rikstoto.no inngår under internettspel.


²⁶ I overføring til formål inngår ikkje overføringar til Rikstotoklinikken Bjerke.

²⁷ Beløp inneheld vederlag for sal av spel på banene.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane og

premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto i 2012



Statsavgift

Avgift til staten (143 mill.) er ei fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 187 mill. eller 15 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira egne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	301,0
Andre inntekter	48,8
Samla kostnader	350,9
Årsresultat	-1,1

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit underskot på 1,1 millionar kroner for 2012. Til samanlikning var underskotet 7,2 millionar i 2011 og 42,0 millionar i 2010.

Digitale plattformer


Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett der ein kan spele frå PC, nettbrett og mobiltelefon. Det er innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, men spela er dei same som blir spelte hos tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner.

Spelar opprettar ein spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. løns-konto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.

Digitale plattformer - brutto omsetning (mill. kr)

	2008	2009	2010	2011	2012	Endring frå 2011	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	912,1	1 242,1	1 660,2	2 090,6	2 859,9	769,3	37 %
Norsk Rikstoto	744,4	794,4	918,7	1 080,5	1 249,5	169,0	16 %
Totalt	1 656,5	2 036,5	2 578,9	3 171,1	4 109,4	938,3	30 %

Brutto omsetning - spel på digitale plattformer, i 2012 totalt 4 109 millionar kroner



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2012²⁸, og tal frå den norske marknaden, har vi tidlegare presentert anslag for spel på Internett for 2012.

10,1 prosent av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel (både på norske og utanlandske

nettstader). Dette utgjorde 391 000 nordmenn over 18 år.

For 2012 har Lotteritilsynet anslått at nordmenn satsa om lag 5 milliardar kroner på utanlandske nettstader. Dette var eit uendra anslag samanlikna med estimatet som vart gjort for 2010 og 2011, jf. Lotteritilsynets årsmeldingar 2011 og 2012.

28 Kvartalsvise målingar gjort i 2012 (totalt 3 956 spurde over 18 år).

Bingo

Bingo deler vi i to typar:

- Bingo med entreprenør der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet.
- Bingo utan entreprenør der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

Vi har reelle tal rapporterte frå entreprenørbingo. For bingo utan entreprenør har vi estimert omsetning der vi manglar rekneskapsopplysningar (sjå vedlegg).

Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på rapportering og data frå bingoentreprenørane som til saman dreiv 230 bingolokale per 31. desember 2012. Talet på lokale i entreprenørbingo har auka med ein sidan utgangen av 2011 då talet var 229. Talet på entreprenørar var 67 ved utgangen av 2012. Dette er same talet som året før.

Bingo med entreprenør - nøkkeltal i 2012

Brutto omsetning	4 538 mill kr
sidespel er inkludert	
Gevinst	3 522 mill kr
Netto omsetning	1 016 mill kr
administrativ kostnad	770 mill kr
overskot til formåla	246 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	24 %
Gevinstprosent	78 %

Entreprenørbingo omsette for 4,5 milliardar kroner i år 2012. Til lag og organisasjonar vart det overført 246 millionar kroner eller 5 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 78 prosent, og formåla sin del av netto omsetning er 24 prosent.

Samanlikna med 2011 er omsetninga redusert. Brutto omsetning i 2011 var 5 812 millionar, og netto omsetning var 1 346 mill.

Formåla har i 2012 fått 110 millionar mindre enn året før.

Sidespel

Sidespel databingo og papirsidespel. Papirsidespel er til dømes «Mølle»

Sidespel per 31.desember 2012	Entreprenører	Prosent
Databingo	67	100 %
Papirsidespel	5	7 %
Ingen sidespel	0	0 %
Tal entreprenører totalt	67	

Ved utgangen av året stod det databingoterminalar i alle bingohallane, og det var utplassert nær 6 200 databingoterminalar. Dette er ein liten auke frå året før då det stod uplassert om lag 5 800 terminalar.

Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2012

Tal i millionar kroner	Brutto-omsetn.	Gevinst	Gevinstprosent	Netto-omsetn.	Til formål	% til formål av netto-omsetn.
Hovudspel	1 343	942	70 %	401	65	16 %
Sidespel:						
- databingo	3 190	2 577	81 %	613	181	29 %
- papirsidespel	5	3	62 %	2	0,6	30 %
Sidespel totalt	3 195	2 580	81 %	615	181	29 %
Totalt	4 538	3 522	78 %	1 016	246	24 %

For hovudspel har omsetninga auka frå 2011. Då var brutto omsetning 1 174 millionar og netto omsetning 311 millionar.

Databingo har hatt ein større reduksjon. I 2011 var brutto omsetning 4 632 millionar. Tal for netto-omsetning var då 1 033 millionar. Reduksjonen skuldast at det frå 2012 har vore krav om at det skal gå minimum 30 sekund frå eit spel er ferdig til det neste spelet kan starte.

Omsetning for sidespel er samla sett redusert gjennom 2012. Brutto og netto omsetning for sidespel var i 2011 høvesvis 4 637 millionar og 1 035 millionar.

78 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstpro-

sent har sidespel med 81 prosent. Gevinstprosentane har auka noko samanlikna med 2011 då samla gevinstprosent var 77 prosent.


Lag og foreiningar fekk totalt 246 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. 74 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og det aller meste frå databingo.

Bingoentreprenørane har rapportert at dei spelte for 3 164 lag og foreiningar i år 2012. Dette er ein auke med 288 lag samanlikna med 2011 då talet var 2 876 lag.

Fordeling av bingoinntekter

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	117	48 %
Helse	51	21 %
Musikk/kultur/fritid	50	20 %
Humanitær	16	6 %
Diverse	13	5 %
Totalt	246	100 %

Fordeling av inntekt frå entreprenørbingo til formåla i 2012, totalt 246 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 117 mill. Blant andre kategoriar er det foreningar innan helse samt musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 51 og 50 millionar.

Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tippings Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar.

Utplasseringa av desse tok til hausten 2011, og for 2012 vart det gjennom bingoentreprenørane fordelt 22 millionar.

I 2012 var Belago utplassert i 183 bingohallar. Bingoentreprenørane har rapportert at dei har fordelt inntekt frå Belago på i overkant av 2 000 lag og foreningar.

Fordeling av Belago-inntekter

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	11	47 %
Helse	4	17 %
Musikk/kultur/fritid	5	24 %
Humanitær	2	7 %
Diverse	0,8	4 %
Totalt	22	100 %

Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som foreinings- eller bygdebingoar.

I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokal-fjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av tal i Lotteri-registeret og mottekne bingorekneskap for 2012 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

350 lag og foreiningar inngår i oppstillinga under. 67 av desse er radiobingo og 3 er TV-bingo.

Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal i 2012

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 5 mill)	145 mill kr
Gevinst	90 mill kr
Netto omsetning	55 mill kr
administrativ kostnad	20 mill kr
overskot til formål	35 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	24 %
Formåla sin del av netto omsetning	64 %
Gevinstprosent	62 %

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjer 145 mill. i brutto omsetning, med eit overskot på 35 millionar kroner.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokalfjernsyn bereknar vi til om lag 65 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av

brutto omsetning utgjere mellom 40 og 50 prosent av omsetninga for bingo utan entreprenør.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot på om lag 20 millionar kroner.

Andre lotteri

I tillegg til bingo har vi for 2012 registrert i overkant av 2 470 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omset-

ninga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har og gjort eit estimat for dei lokale eller regionale lotteria.

Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei aller fleste er landsdekkjande. For 2012 har vi fått innrapportert 44 slike lotteri. I 2011 var talet 46.

Landslotteri - nøkkeltal i 2012

Loddsal	292 mill kr
Gevinstkostnad	51 mill kr
Netto omsetning	241 mill kr
administrative kostnader	167 mill kr
overskot til formåla	74 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	25 %
Formåla sin del av netto omsetning	31 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	18 %

Landslotteria omsette for 292 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2012 var 51 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte frå. Administrative kostnader utgjorde 167 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 74 millionar. Dette utgjorde 25 prosent av brutto – og 31 prosent av netto omsetning.

Omsetninga er stort sett stabil samanlikna med 2011. Då utgjorde loddsalet 291 millionar og overskotet til organisasjonane var 71 millionar kroner.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlemsal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar. I tillegg inngår pantelotteriet frå Norsk Pantelotteri AS der Røde Kors mottar inntekter.

I tillegg til desse lotteria kan spelarane også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NTs sine kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori ²⁹	Brutto oms. (mill.)	Overskot (mill.)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	26,5	2,9	9 %	4 %	11 %
Helse	118,6	35,0	41 %	47 %	30 %
Musikk, kultur og fritid	4,4	1,3	1 %	2 %	30 %
Humanitær	101,7	28,8	35 %	39 %	28 %
Diverse	40,7	5,7	14 %	8 %	14 %
Totalt	291,9	73,8	100 %	100 %	25 %

Helseorganisasjonar har som tidlegare år størst omsetning, 41 prosent av heile marknaden i 2012, mot 45 prosent i 2011.

Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill.)	Adm. kostn. (mill.)	Overskot (mill.)	Adm. kostn. av netto omsetning	Overskot av netto omsetning
Idrett	24,3	21,4	2,9	88 %	12 %
Helse	102,8	67,8	35,0	66 %	34 %
Musikk, kultur og fritid	3,7	2,4	1,3	65 %	35 %
Humanitær	76,6	47,7	28,8	62 %	38 %
Diverse	33,2	27,5	5,7	83 %	17 %
Totalt	240,6	166,8	73,8	69 %	31 %

Administrative kostnader utgjorde 166,8 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal etc., men ikkje gevinstkostnader.

For ein del lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. For 17 lotteri har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 21 millionar kroner.

29 Liste over organisasjonane i vedlegg.

Landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd


Dei fleste landslotteri brukar skrapelodd. Det er difor naturleg å sjå landslotteri saman med Flax-lotteriet til Norsk Tipping.

Landslotteri omsette totalt for 292 millionar kroner. I tillegg omsette Norsk Tipping sitt Flaxlodd for 1 145 millionar.

Organisasjonar med loddsal over 20 millionar kroner:

- Norges Røde Kors (pantelotteriet) 57 mill. kr
- Landsforeningen for hjerte- og lungesyke 47 mill. kr
- Redningsselskapet 24 mill. kr

Marknadsdelar - landsdekkjande lotteri, loddsal i 2012, totalt 1 437 millionar kroner



I 2012 utgjorde denne delen av lotterimarknaden 1 437 millionar kroner.

Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det registrert 2 430 lokale og regionale lotteri i 2012.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

Om lag 2 350 er meldingslotteri og i tillegg har 78 lotteri fått løyve³⁰.

Berekning for lokale/regionale lotteri

Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal i 2012

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	130 mill kr
Gevinstkostnad	30 mill kr
Netto omsetning	100 mill kr
administrativ kostnad	10 mill kr
overskot til formåla	90 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	69 %
Formåla sin del av netto omsetning	90 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	23 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

³⁰ Arrangør av lotteri med lågare omsetning per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. I 2012 trengde lotteri med omsetning på kroner 150 000,- eller meir løyve frå Lotteritilsynet. 1. juli 2013 vart grensa for løyve auka til kroner 200 000,-

Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter forskrift frå 1. januar 2009. 20 prosent av overskotet (netto omsetning) skal gå til lotteriverdige organisasjonar.

I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskrifta. Om bord på skipa er det to typar spel: Automatar og spelebord.

Spelebord er Blackjack og rulett. Rulett er berre tilgjengeleg på dei to største skipa.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2012 for 431 millionar kroner om bord på desse skipa.

Det meste vart spelt på automatar, men 10 prosent vart satsa ved spelebord.

Spel på skip - nøkkeltal 2012

Brutto omsetning ³¹	
Automatar	386,5 mill kr
Spelebord	44,3 mill kr
Totalt	430,8 mill kr
Utbetalt gevinst	
Automatar	315,8 mill kr
Spelebord	28,6 mill kr
Totalt	344,4 mill kr
Total netto omsetning	86,4 mill kr
administrativ kostnad	69,1 mill kr
overskot til formåla	17,3 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	4 %
Formåla sin del av netto omsetning	20 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	80 %

31 Brutto omsetning for automatar er beløpet som er lagt på automatar av fysiske pengar. Brutto omsetning for spelebord er verdien på sjetongar som er kjøpt.

17 millionar var fordelt til 41 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	13,0	75 %
Helse	0,1	1 %
Musikk/kultur/fritid	3,1	18 %
Diverse	1,1	6 %
Totalt	17,3	100 %

English summary

In 2012 the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 28.7 billion. Out of this the players collected NOK 19.6 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 9.1 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover is increased from NOK 26.8 billion in 2011.

Key figures in the gaming market in Norway

Year 2012	Million	
	NOK	EUR ³²
Gross turnover (total wagered)	28 660	3 834
Prizes	19 593	2 621
Net turnover (expenditure/loss)	9 067	1 213

Year 2012	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita ³³	5 711	764	1 807	242
Per capita, 18 years and older	7 352	984	2 326	311
Per household ³⁴	12 564	1 681	3 975	532
Percentage of disposable income ³⁵	2.31 %		0.73 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 5,711 in 2012.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 1,807. This amounts to 0.73 % of the disposable income per household.


³² Average rate of exchange 2012 as determined by Norges Bank: 7.4744.

³³ Average population as determined by Statistics Norway.

³⁴ The average number of persons per household is 2.2. (Figures from Statistics Norway – Statistical year book)

³⁵ Statistical year book "Households. Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 1 238 196 millions.

The Norwegian gaming market - gross turnover in 2012, total NOK 28 660 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately NOK 18.4 billion (of this 7.0 billion on IVTs³⁶), and 0.9 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping. Norwegians wagered NOK 3.9 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of nearly NOK 4.7 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 4.5 billion. Also included here

are side games (electronic³⁷ and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately NOK 145 million.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at nearly NOK 0.3 billion. For the other lotteries we stipulate a turnover of NOK 130 million.


On Norwegian ships sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 431 million in 2012³⁸.

³⁶ Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 583 million.

³⁷ Bingo machines

³⁸ On slot machines amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed. On table games the value of chips purchased.

The Norwegian gaming market in 2012, market shares of gross turnover



Vedlegg

Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra er for det meste henta inn frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av ExtraStiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteritilsynet. Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar. For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysningar for 2012. I tillegg er tidlegare års statistikk nytta som støtte til estimat.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

Kategorisering av formål

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar.

Ordlyd frå rettleiinga til spørjeskjemaet er vist her.

Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f.eks. Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f.eks. Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f.eks. Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger-og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H-klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

Humanitær verksemd

Bla. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

Diverse organisasjonar

Særorganisasjonar eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Berekning for bingo utan entreprenør

På grunnlag av tal i Lotteriregisteret og rekneskapsrapportar for 2012 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreiningar		
Brutto omsetning i snitt	925 000 ³⁹	280 000 ⁴⁰		
Samla gevinstprosent	52 %	68 %		
Overskot av brutto omsetning ⁴¹	30 %	20 %		
Tal løyve i Lotteriregisteret	70	280		
			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	65 mill	78 mill	143 mill	145 mill
Estimert gevinst	34 mill	54 mill	88 mill	90 mill
Estimert netto omsetning	31 mill	25 mill	56 mill	55 mill
Estimert overskot til formåla	19 mill	16 mill	35 mill	35 mill

Estimert brutto omsetning år 2012*	145 mill
- Gevinst	90 mill
= Netto omsetning *	55 mill
- administrativ kostnad	20 mill
= overskot *	35 mill
Formåla sin del av brutto omsetning	24 %
Formåla sin del av netto omsetning	64 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	62 %

*) runda til næraste 5 mill

39 Snittberekning for 68 rekneskap (2012) kr 924 573,-

40 Snittberekning for 260 rekneskap (2012) kr 279 637,-

41 Avrunda prosent til formål, 2012-rekneskap og tidlegare rapporterte tal.

Landslotteri 2012 - organisasjonane i dei ulike kategoriene

Idrett	Norges Badmintonforbund Norges Fotballforbund (2 lotteri) Norges Skiforbund Norges Svømmeforbund (2 lotteri) Sportslotteriet ⁴² (2 lotteri)
Helse	Diabetesforbundet Foreningen for hjertesyke barn Foreningen for Muskelsyke Hørselshemmedes Landsforbund Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen for Polioskadde Landsforeningen uventet barnedød MS-forbundet Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Blindeforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Organisasjonen Voksne for Barn Psoriasis- og eksemforbundet Stiftelsen Norsk Luftambulans
Musikk, kultur og fritid	4H Norge Norges Musikkorps Forbund
Humanitær	Adopsjonsforum Norges Livredningsselskap Norges Røde Kors (pantelotteriet) Norsk Folkehjelp Redningsselskapet Stiftelsen Flyktninghjelpen
Diverse	Den indre sjømannsmisjon Det Norske Arbeiderpartiet Det Norske Totalavholdsselskap, IOGT i Norge og junior- og barneorganisasjonen JUBA Framtiden i våre hender Kristelig Folkeparti MA - rusfri trafikk og livsstil Norea Mediemisjon/Norsk Luthersk Misjonssamband Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

42 Sportslotteriet omfatter lotteriløype for Norges Bandyforbund, Norges Basketballforbund, Norges Bokseforbund, Norges Bordtennisforbund, Norges Bowlingforbund, Norges Danseforbund, og Norges Gymnastikk- og Turnforbund.

Berekening for lokale/regionale lotteri

For 2012 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri	Lotteri med løyve		
Brutto omsetning i snitt	40 000 ⁴³	393 000 ⁴⁴		
Samla gevinstprosent (kostnad)	15 % ⁴⁵	37 %		
Overskot av brutto omsetning	80 %	47 %		
Tal meldingar/ løyve	2 352	78		
			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	95 mill	31 mill	126 mill	130 mill
Estimert gevinst	14 mill	11 mill	26 mill	30 mill
Estimert netto omsetning	81 mill	19 mill	100 mill	100 mill
Estimert overskot til formåla	76 mill	14 mill	90 mill	90 mill

Estimert brutto omsetning år	2012 *	130 mill
-	Gevinst *	30 mill
=	Netto omsetning	100 mill
-	administrativ kostnad	10 mill
=	overskot *	90 mill
Formåla sin del av brutto omsetning		69 %
Formåla sin del av netto omsetning		90 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning		23 %

*) runda til næraste 10 mill.

43 Gjennomsnittleg omsetning i 1 366 rekneskap registrert av Lotteritilsynet for 2012 (kr 40 448).

44 Snittberekning av 58 rekneskap for 2012 (kr 393 304).

45 Gevinstkostnad og andre kostnader er berre registrert for enkelte lotteri. Vi estimerer frå dette 15 % gevinstkostnad og 80 % som formålets del av brutto omsetning.



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B - Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00 - Fax: 57 82 80 80
postmottak@lottstift.no
lottstift.no

